

Merknadshefte, vedlegg til ferdig godkjent forvaltningsplan datert 27.03.2026 for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Innspel til oppstartsmeldinga (våren 2022)

Austrheim kommune (22.02.2022): Kommunen legg vekt på at Lurefjorden er ein sårbar resipient og etterlyser statlege økonomiske tilskot for at private skal kunne byte ut eldre slamavskiljarar med moderne minireinseanlegg, gjerne med ein støttesats på inntil 50 000 kroner per anlegg. Kommunen argumenterer for at flytebrygger ofte er eit betre og meir arealeffektivt alternativ enn mange enkeltbøyer langs land. Vidare ønskjer dei ein full marin kartlegging av fjorden, særleg av det unike artsmangfaldet i dei sterke tidevasstraumane som Fosnstraumen, Kilstraumen og Bakkastraumen, og dei føreslår statleg satsing på årleg båtguiding, informasjon og formidling av arkeologiske steinalderfunn i området.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Det ligg utanfor mandatet å vurdere direkte økonomiske tilskot til private anlegg, men planen har detaljerte retningslinjer (punkt 9, 10 og 11) som krev høg reinsingsgrad for nye utslepp og oppmodar til tilkopling til kommunale anlegg der det er mogleg. Kartlegging av sårbar og viktig natur er sett som det høgast prioriterte tiltaket i planen (prioritet 1). Forslaget om guiding og formidling vert vurdert som gode idéar for verksemdar eller organisasjonar å ta initiativ til.

WWF Verdens naturfond (08.03.2022): WWF understrekar at ein må sikre at det ikkje vert sett i gang ny aktivitet som kan skade verneverdiane i vassøyla eller på sjøbotnen, og at eksisterande aktivitet må justerast i tråd med verneforskrifta. WWF etterlyser meir forskning på samspel mellom artar, særleg raudlista sjøfuglar, og krev betre kartlegging av karbonlagring i blå skog og på sjøbotnen. WWF meiner desse karbonlagera må inkluderast eksplisitt med tekst i verneformålet.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Føre-var-prinsippet er teke inn som eit sentralt miljørettsleg prinsipp for forvaltinga. Verneformålet i forskrifta kan ikkje endrast gjennom ein forvaltningsplan, men verdien av karbonlagring er omtalt i planen, og kartlegging av biologisk mangfald er inne som eit prioritert tiltak.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (10.03.2022): Direktoratet kan ikkje sjå at forvaltningsplanen eller verneforskrifta rører ved registrerte førekomstar av mineralske ressursar, berggrettar eller masseuttak i drift. Dei peikar på at verneforskrifta er geografisk avgrensa til marine område og dermed fell utanfor DMF sitt ansvarsområde på land.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er teke til orientering.

Fiskeridirektoratet (10.03.2022): Fiskeridirektoratet er positive til planarbeidet og viser til at eksisterande fiskeriaktivitet kan halde fram då reglane ikkje er endra. Dei ønskjer at planen skal fungere som ein rettleiar som forklarar faguttrykk i forskrifta, særleg kva som ligg i omgrep som «konsentrerte tilførsler av ureining» og «tekniske tiltak med små inngrep på botnen». Dei legg også ved definisjonar på skilnaden mellom låssetjing og levendelagring av fisk.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er fylgt opp ved at forklaringar og definisjonar av låssetjing og levendelagring er teke inn i kapittelet om jakt og fiske og i retningslinjene i planen.

Statnett SF (14.03.2022): Statnett viser til sine tre eksisterande 420 kV sjøkablar mellom Saltvika og Mjåsundet. Dei påpeikar at det i framtida vil kunne verte behov for ytterlegare tre kablar i same trasé og ber om at forvaltningsplanen legg til rette for framtidige søknader om dette.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Sjøkablane er omtalte i planen, og det er presisert at etablering av nye kablar i utgangspunktet er forbode og vil krevje dispensasjon etter søknad og ei spesifikk vurdering i kvart tilfelle.

Kystverket (14.03.2022): Kystverket viser til sitt ansvar for sikker sjøtransport og beredskap mot akutt forureining. Dei hadde ingen konkrete merknader til sjølve oppstarten, men føreset at vernet ikkje hindrar naudsynt vedlikehald av navigasjonsinnretningar.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er teke til orientering, og omsynet til navigasjonsinnretningar er ivareteke i retningslinje 6.

Alver kommune (15.03.2022): Kommunen er oppteken av at planen må ivareta kulturarv, friluftsliv og allmenn bruk. Dei trekkjer fram Lindåsslusene, Fosenstraumen med steinalderfunn, Lygra, Lurekalven og Seim som viktige område. Vidare ber dei om ei forklaring på kva vernegrensa «2 meter under sjøkartnull» betyr i praksis, og ønskjer tydelege rutinar for sakshandsaming i samband med reguleringsplanarbeid. Dei etterlyser også konkrete rettleiingar for korleis verneområdet skal vurderast som resipient ved utbygging og næringsutslepp.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Vernegrensa er tydeleggjort i høyringsframlegget som overgangen der den private eigedomsretten i sjøen normalt sluttar. Viktige kulturmiljø og friluftsområde er utførleg

omtalte, og samordningsplikta mellom kommune og forvaltning er gjort greie for i planen. Retningslinjene for avløp og utslepp er også utdjupa.

Naturvernforbundet Nordhordland (15.03.2022): Naturvernforbundet krev strenge krav til utslepp frå hushald, landbruk og verksemder som NGIR og Nesfossen Smolt. Dei krev spesifikk kartlegging av miljøgifter utanfor tidlegare Mastrevik Slipp, der dei meiner det er dumpa store mengder sandblåst materiale og tungmetall. Vidare ønskjer dei fokus på mikroplast frå landbruket, nedkjemping av stillehavsøsters og ei vurdering av å utvide verneområdet lenger ut i Hoplandsosen.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Tiltak mot framande artar og generell kartlegging er inne i planen. Økologisk og kjemisk miljøtilstand til verneområdet er omtalt i planen. For vassførekomsten Vikaosen – Monslaupen, er ikkje kjemisk tilstand vurdert grunna mangel på data, men i vedlegg om kjemisk tilstand er området ved Mastrevik markert med mistanke om forureina grunn. Det er behov for meir kunnskap, og kartlegging av forureina sjøbotn er med dette nemnt i tiltaksplanen. Utviding av verneområdet ligg utanfor mandatet til forvaltningsplanen.

Seim Bygg AS (15.03.2022): Utbyggjaren kritiserer kravet om høgverdig reinsing for alle nye bustader og stiller spørsmål ved om resipienten er så dårleg som forvaltninga hevdar. Dei meiner det er meir berekraftig at nybygg får kople seg på eksisterande kommunale anlegg, då dette sikrar betre offentleg kontroll og finansiering av framtidige oppgraderingar.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Planen presiserer i retningslinje 11 at tilkopling til eksisterande kommunale anlegg ikkje krev dispensasjon, men for nye private utslepp vert det stilt strenge krav grunna fjorden si sårbarheit inntil ny kunnskap eventuelt skulle opne for meir lempelege krav.

Lindås Slusene (Mars 2022): Den frivillige organisasjonen ber om at restaureringsarbeidet og historia til sjøslusene i Spjotøystraumen vert teke omsyn til i planen.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Lindås sjøsluser er utførleg omtalte som eit viktig kulturminne under kapittelet for kulturminne, og retningslinjene opnar for vedlikehald og istandsetjing.

Statens vegvesen (16.03.2022): Vegvesenet opplyser at det ikkje er statlege vegar som gir direkte avrenning til sjøområdet og har difor ingen merknader til planen.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er teke til orientering.

Innspel til høyringsfasen (september 2023 – april 2025)

Randi K. Kvalvågnes (18.09.2023): Kvalvågnes spelar inn at elvane frå Botnavatnet og Fiskesetelva er viktige gyteplassar for sjøaure og har stort behov for opprensning og utlegging av gytesand for å berge bestanden mot påverknad frå lakselus.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har vurdert innspelet om behovet for oppreinsking og utlegging av gytesand i elvane ved Kvalvågnes og Fisketangen. Sjølv om vi anerkjenner at sjøaure er ein viktig del av det marine økosystemet og at gode gytetilhøve i vassdraga er avgjerande for bestanden, fell desse tiltaka utanfor verkeområdet til forvaltningsplanen for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Hovudårsaka til dette er den geografiske avgrensinga av vernet. Grensa for det marine verneområdet startar på to meters djupne under sjøkartnull og går utover i fjorden. Dette betyr at gruntvassområde, fjøra og alle elvar eller bekkar som renn ut i fjordsystemet ligg utanfor verneområdet. Sidan verneforskrifta berre regulerer sjøarealet frå to meters djup, har ikkje forvaltningsstyresmakta mynde til å vedta eller gjennomføre skjøtselstiltak som utlegging av gytegrus i vassdraget eller i dei grunne overgangssonene. Vidare er forvaltninga av anadrome laksefisk (som sjøaure) og deira leveområde i vassdrag regulert av eigne lovverk, primært lakse- og innlandsfiskelova og vassforskrifta. Oppgåver knytte til kultivering og fysiske tiltak i vassdrag ligg til andre forvaltningsordningar og sektorstyresmakter. Statsforvaltaren vil likevel ta med informasjonen om desse viktige gyteområda som bakgrunnsdata for den samla miljøtilstanden i fjordsystemet.

Kystverket (19.10.2023): Kystverket legg fram detaljert informasjon om deira ansvar for sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Dei viser til at den indre kystleia mellom Bergen og Fensfjorden går gjennom verneområdet, noko som inneber betydeleg skipstrafikk. Statistikk frå Kystdatahuset for 2022 viser at det passerte 4856 fartøy med AIS-transponder (fartøy over 15 meter) i Radsundet, der snøggbåttrafikken utgjer om lag halvparten.

Etaten peikar på at dei mange tronge sunda i verneområdet, som ved Bruknappen, gjer det nødvendig for skip å vente på passering med motorane i gang. Dei understrekar at navigasjonsinnretningar som fyrlykter, lanterner, overretter og stakar er kritiske for tryggleiken, og at det er behov for både vedlikehald, nyetablering og fjerning av eldre innretningar for å oppgradere farvatnet til moderne standard.

Kystverket etterlyser vidare ein konkret drøfting i forvaltningsplanen av naudsituasjonar, som til dømes motorstopp, der skip kan bli tvinga til naudankring for å hindre tap av menneskeliv, materiell skade eller akutt forureining. Til slutt kjem dei med eit prinsipielt råd om at alle farleitiltak som har som føremål å trygge ferdsla til sjøs, bør få eit generelt unntak frå verneføresegnene i staden for å vere søknadspliktige.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren legg omtale av trafikk og ansvaret til Kystverket inn i forvaltningsplanen. Retningslinje 6 i planen presiserer at drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og navigasjonsinstallasjonar er tillate og ikkje krev søknad. Når det gjeld nyetablering av farleiltak, er dette opna for etter søknad (§ 5 a), der det skal leggjast stor vekt på omsynet til trygg ferdsle. Forvaltningsplanen kan ikkje gi generelle unntak som går utover verneforskrifta sin ordlyd, då planen skal utarbeidast innanfor ramma av gjeldande forskrift. Når det gjeld naudankring og akutte naudsituasjonar, er dette dekt av nødrettsprinsippet og aktsemdplikta i naturmangfaldlova. Vi legg inn ei presisering av dette i kapittelet om forvalting som klargjer at akutte tiltak for å berge liv og miljø for skipstrafikken i ein naudsituasjon ikkje er i strid med verneformålet.

Statsforvaltaren ser poenget om at skip i tronge sund må ha motorane i gang, og presiserer at verneforskrifta ikkje legg restriksjonar på sjølve ferdsla med båt eller fartøy. Planen har inkludert informasjon om at oppankring og fortøying av småbåtar (under 15 meter) er tillate, noko som understøtter fritidsflåten sin bruk av området.

Nesfossen Smolt AS (20.10.2023): Verksemda understrekar at deira utsleppsbidrag til resipienten er minimalt (ca. 2 %) og at dei har investert i moderne trommelfilter som leverer slam til lokale bønder. Dei støttar at planen ser deira settefiskanlegg som unnateke frå visse restriksjonar i tråd med verneforskrifta.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er teke til etterretning. Planen stadfestar i retningslinje 9 og 21 at eksisterande settefiskanlegg kan drive vidare i tråd med gjeldande utsleppsløyve.

Straumcamp A/S / Stian Hatlem (26.10.2023 / 07.11.2023): Straumcamp A/S viser til godkjende reguleringsplanar på austsida av Njøten og føreset at forvaltningsplanen legg til rette for framtidig utbygging og søknader knytt til desse rettighetene.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Forvaltningsplanen overstyrer ikkje allereie vedtekne reguleringsplanar, men verneområdet er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane. Alle nye tiltak innanfor vernegrensa krev dispensasjonshandsaming der verneformålet blir tillagt vekt. For anlegg og innretningar er dette utdjupa i retningslinje 3.

Seim Bygg AS (31.10.2023): Entreprenøren skriv til høyringa og fremjar motstand mot krav om private kjemiske minireinseanlegg når det er kort avstand til kommunale anlegg, og meiner dette hindrar berekraftig utvikling på Seim.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Kommunen er ansvarleg for det kommunale avløpsanlegget, og avgjer kven som kan bli kopla på anlegget. Statsforvaltaren viser til retningslinje 10 og 11 som syner til kva

tekniske løysingar som kan få dispensasjon ut frå fjorden sin tilstand som sårbar resipient. Dersom ny kunnskap om fjordens miljøtilstand syner at vassførekomsten er mindre sårbar enn lagt til grunn i planen, så vil vi kunne vurdere å leggje mindre vekt på føre-var-prinsippet. Kunnskapsgrunnlaget no ser likevel ut til at utviklinga i miljøtilstanden ser ut til å gå i motsett retning.

Havforskningsinstituttet (HI) (07.11.2023): HI legg stor vekt på at arbeidet med marine verneområde må prioriterast for å nå måla i den globale naturavtalen, og understrekar at det er avgjerande at forvaltninga sikrar eit reelt vern for artane og levestadene deira. Dei uttrykker særskild bekymring for forslaget om å kunne søkje dispensasjon for kloakkutslepp frå bustader som ikkje kan koplast til offentleg nett, då verneområdet – og særleg dei innelukka Lindåsosane – vert vurdert som ekstremt sårbart for slike utslepp.

Når det gjeld akvakultur, åtvarar HI om at sjølv dyrking av lågtrofiske artar som tare og blåskjel kan påverke økosystemet negativt gjennom endra straumforhold, stort opptak av næringssalt og organisk nedfall på botnen. Dei peikar også på faren for at flytting av skaldyr kan føre med seg parasittar og patogen som smittar lokale bestandar, og minner om at det med dagens teknologi er nærast umogleg å oppnå full reinsing frå landbaserte anlegg.

Innan fiskeriforvaltning påpeikar HI at område som tillèt industrielt fiske med aktiv reiskap som påverkar botnen ikkje vil oppnå internasjonal IUCN-kategori for vern. Dei meiner difor at alle slike reiskapstypar bør bli forbode i verneområdet, ikkje berre botntrål. Det mest kritiske punktet i innspelet gjeld den genetisk unike sildestamma i Lindåsosane, der HI meiner at dagens garnforbod i mars og april er utilstrekkeleg fordi snurpenotfiske frå mindre kystfartøy kan desimere heile stamma med nokre få kast uavhengig av på året. Dei rår difor sterkt til at det vert innført eit totalforbod mot kommersielt sildefiske i Lindåsosane gjennom heile året.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har teke innspela om resipienten og akvakultur med vidare i dei strenge retningslinjene for utslepp og ny verksemd, der føre-var-prinsippet skal liggje til grunn. Når det gjeld HI sitt råd om heilårsforbod mot kommersielt sildefiske, ligg det utanfor myndigheita til forvaltningsstyresmakta. Fiske etter havressurslova ligg under fiskerimyndigheitene, men Statsforvaltaren støttar gjerne initiativ frå HI for å sikre at den unike sildestamma ikkje vert overfiska.

Region Nordhordland IKS / UNESCO Biosfære (09.11.2023): Dei minner om at verneområdet er eit av kjerneområda i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Samanhengen mellom det marine vernet og UNESCO-statusen som læringsområde for berekraftig utvikling er no tydeleg skildra i planen.

Naturvernforbundet Nordhordland (09.11.2023): Naturvernforbundet gjentar i høyringa behovet for kartlegging av forureina sjøbotn og krev tiltak mot plastavfall frå landbruket. Dei meiner yttergrensa for vernet bør flyttast lenger ut i Hoplandsosen for å inkludere eit registrert korallrev ved Rossnes.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Kartlegging av forureina sjøbotn er teke inn i tiltaksplanen, samt å lage ein plan for rydding i verneområdet. Grenseendring ligg utanfor mandatet til denne planen.

Norges Miljøvernforbund (10.11.2023): Miljøvernforbundet krev eit statleg finansierte pilotprosjekt for fullskala kloakkrensing (RECOVER) og uttrykker stor uro for at botnvatnet i terskelfjorden vert skifta ut sjeldnare grunna klimaendringar.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Planen omtaler den ålmenne uroa for vassutskiftinga. Initiativ til pilotprosjekt for kloakkrensing ligg utanfor mandatet til planen, men planen kan fungere som grunnlag for til dømes kommunane å søkje statlege midlar til miljøtiltak.

Fiskeridirektoratet (10.11.2023): Direktoratet vurderer no planforslaget som godt gjennomtenkt og meiner den ivareteke fiskeriinteressene på ein god måte.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Innspelet er teke til orientering.

Sognefjorden Vel (13.11.2023): Sognefjorden Vel føreslår endringar i lovverket for brislingfiske slik at det vert ulovleg å ha not i sjøen i forbodssoner ved elvemunningar, uavhengig av om nota er open eller lukka.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Dette er eit innspel til nasjonal forskrift. Ein slik regelendring må handsamast av Fiskeridirektoratet.

Austrheim kommune (14.02.2025): Kommunen ber om statlege midlar til fjerning av mink og sitkagran, faste midlar til strandrydding og etablering av eit statleg informasjonssenter ved Kilstraumen eller på Lyngheisenteret.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Tiltak mot framande artar i sjø er teke inn i tiltaksplanen. Behovet for eit informasjonssenter er notert som eit viktig tiltak, men krev statleg prioritering i budsjettprosessar. Tiltak mot sitkagran og mink er viktig å prioritere og går på andre budsjettpostar enn marint vern.

Alver kommune (25.04.2025): Kommunen ønskjer ei positiv haldning til rekonstruksjon av nedfalne sjøbuer og understrekar at landbruket må få drive vidare utan nye

restriksjonar. Kommunen reagerer på kravet om at kommunen skal behandle søknad om flytebrygger før verneforvaltninga, noko dei meiner strir mot samordningsplikta i plan- og bygningslova.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Planen opnar for istandsetjing av kulturminne, og stadfestar at landbruket vert regulert av eksisterande lovverk. Sjøbuer er regulert av plan- og bygningslova der kommunen er rett myndigheit. Sjøbuer er på land eller i overgangen mellom land/sjø og uansett utanfor vernegrensa. Statsforvaltaren vurderer at mange flytebryggjer vil liggje utanfor vernegrensa, eller vil ha ankringspunkt som er i grenseland mellom vern og ikkje-vern. Gjennom samordningsplikta i plan- og bygningslova vil gjerne Statsforvaltaren drøfte med kommunen i førekant av handsaminga av slike flytebryggjer som kan hamne innanfor vernegrensa, slik at handsaminga kan bli samordna. Vi har difor endra noko på formuleringa i retningslinja om flytebryggjer og visar til samordningsplikta for å sikre koordinerte vedtak.